

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 12.09.2014

Vår ref.: 201304753-6

Arkiv: 313/086.Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22 95 95 28 / baso@nve.no

Hyen Fisk AS – søknad om løyve til uttak av vatn frå Aavatnet og Aatverrelva i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Hyen Fisk AS, datert 13.08.2014, om løyve til uttak av vatn frå Aavatnet og Aatverrelva i Gjengedalsvassdraget i Gloppen kommune.

Hyen Fisk AS søker om å ta ut vatn frå Aavatnet og Aatverrelva i samband med søknad om utviding av produksjonen frå 0,8 til 1,5 million sjødyktig settefisk årleg. Det vert søkt om eit maks vassuttak på 15 m³/min (250 l/s) frå Aavatnet og 300 l/min (5 l/s) frå Aatverrelva. Dei tekniske installasjonane knytt til vassuttaket er allereie etablert. Vassuttaket ved anlegget vil etter utvidinga vere den same som ved dagens drift. Det er ikkje planlagt slepp av minstevassføring.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Dersom de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Hyen Fisk AS ved Rasmus Ommedal på tlf. 57 86 99 11 eller e-post: hyenfisk@hyen.no.

NVE ber Gloppen kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentlig ettersyn på Gloppen heradshus på Sandane fram til **24.10.2014**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ynskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner vert sendt til oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **24.10.2014**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.settas automatisk inn ved ekspedering

Vedlegg: Søknader til kommunen
 Kunngjeringstekst
 Informasjonsark
 Mottakarliste

Mottakerliste:

Fiskeridirektoratet Region Vest
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Gloppen Jeger- og fiskelag
Gloppen kommune
Hyen Fisk AS
Mattilsynet
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Norsk Ornitologisk Forening Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sogn og Fjordane Turlag